

Fra: Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

Sendt: 19.03.2021 11:38:13

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål SAMO Esefjorden

Vedlegg:

Spørsmål i utval for samferdsle og mobilitet - fv55 Bru over Esefjorden (Sogndal kommune)

Ei bru over Esefjorden på fv 55 i Sogndal kommune er i økonomiplanen for perioden 2021-2024 kostnadsrekna til 771 mill 2021-kroner.

Då bru vart valt som alternativ for rassikring i 2017 (KS-sak 39/17 Balestrand kommune) var ein viktig grunn at kostnaden med bru ville verte lågare enn andre alternativ for rassikring, med rasoverbygg/tunnel og utbetring av eksisterande veg. I forprosjektet (2017) var det to brualternativ på 374 mill kroner og 384 mill kroner, medan alternativa med rasoverbygg/tunnel og gang- og sykkelveg var på mellom 354 mill kroner og 488 mill kroner. På heimesida til fylkeskommunen (www.vlfk.no) den 2.11.20 heiter det at «grunnundersøkingar viser det seg også at å bygge bru ved den første plasseringa vil bli vesentleg dyrare enn det som er lagt til grunn i kommunedelplanen.» Det vert vidare opplyst at det no vert vurdert nye alternativ for plassering og at nye grunnundersøkingar er i gang.

Spørsmål:

- Vil det bli vurdert på nytt om bru er den beste løysinga for å rassikre denne delen av fv 55, når det no vert vurdert nye brualterantiv, og det ser ut til å bli ein stor kostnadssprekk i høve til dei opprinnelege planane?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203